

Kven kan vera quizmaster?

23.07.2013



Uskedalens suverene quizmaster Hillestad er på ferie. Kven kan overta?

Deltakarar i tidlegare quiz-arrangement på Systrene Nilsen etterlyssar ein sommarquiz som ein fin tradisjon i ferietida.

Dagleg leiar Karoline Neset opplyser at den tidlegare quizmasteren har ferie og kjem til å ha det framover. Difor er det ikkje planlagt nokon quiz, Og det er ikkje lenge til Festidalen og alt det festivalen fører til mot slutten av neste veke.

Men hvis det meldar seg ein som har lyst og emner til å leia ein quiz, ynskjer ho det hjartelag velkommen. Uskedalen har fleire som kan ta den jobben, legg ho til. Det kunne passe bra med ein quiz rundt kommande helg.